



Odd Magne og Jakob har nettopp vakna i klatreleiren ved Fjellandsbøvatnet og er klare for ei ny, fin klatredag søndag. (Foto: Oia Matti Mathisen)

**Til hausten vil ein ny klatrefører for Ulvanåso vera klar for sal i butikkar og bokhandlar. Det lovar Odd Magne Øgreid frå Bergen Klatreklubb, som denne helga klatrar saman med sju andre frå klatremiljøet i Bergen under ypperlege tilhøve i det som er eit av Sør-Noregs beste klatrefjell. Føraren kjem ut til klubbens 30-årsmerking.**

Klatreføraren frå 1993 som omfattar 40 ruter er tildels unøyaktig og bileta ikkje av beste kvalitet. Difor gjekk klatreklubben for to år sidan i gang med å laga ein ny førar. Det starta med ein oversikt over kva som var bra og mindre bra og ei prioliste for oppdatering. Dei gamle rutene vart supplert med 15 nye og 20 av dei gamle vart klatra opp att og sjekka. I fjor haust tok Øgreid 300 nye bilete frå andre sida av dalen. Dei vil bli attgjeve i svart/hvitt fordi det då er lettare å sjå formasjonane.

Føraren skulle eigentleg vore klar til denne klatresesongen, men data-arbeidet har teke noko lenger tid enn berekna. I føraren kjem også to andre klatre-område som klubben opererer i med – det er Telnes/Haganes og Bolstadøyri.

Med i klatregjengen denne helga er også Jakob Orman frå Växjö i Småland som hadde ei fallulukke i Ulvanåso og måtte reddast ned med helikopter. Han hadde utruleg flaks, fekk ikkje noko brot og er full av lovord over bergingsoperasjonen. Etter ulukka lova han uskedalen.no at han skulle koma attende til Nåso og i helga skjedde altså det. Han klatra den same ruta som sist, den som heiter "Postskript rett i offset" - Då eg var inne på den same taulengda, var eg litt nervøs, sjekka sikringane ekstra grundig og tok det roligare enn ellers under klatringa. Men alt gjekk smertefritt, fortel sjukepleiestudenten frå dei svenske skogar som stortrivs i vestlandske fjell.

Orman klatra saman med Øgreid då ulukka skjedde, men denne gongen var han samman med ein annan kompis og brukte 16 timar på turen.. Øgreid satsa på "Valginnspurten" laurdag og gjorde han unna på 11 timar.

Både Øgreid og Orman vil koma att til Uskedalen så snart som mogeleg hvis klatreverket er brukbart. Det er det ikkje hvis det regnar..

Øgreid har ellers ikkje noko i mot at det blir montert opp ein kikkert til dømes ved Friheim for at turistar og andre kan følge med i klatringa deira. Derimot har han ikkje sans for montering av faste klatre-installasjonar for "amatørar" i Ulvanåso.

- Vi følgjer prinsippet om sporlaus ferdsle, slår han fast.

Av Ola Matti Mathisen.



Dette er Øktertindveggen. Frå midten av den og mot høgre er det 10 klatreruter. (Foto: Ola Matti Mathisen)